



Bjerkreim skule  
SAMAN FOR MEISTRING  
trykke · aktiv · læring

# FORELDREINFO NOVEMBER 25

## **Bruk refleks!**

Nå begynner det å bli mørkt ute, både på morgon og kveld. Minner alle om på bruka refleksvest eller festa refleks på klede, slik at de er meir synlege i trafikken. Me har ingen å mista!



## Julegudsteneste

Det blir julegudsteneste den 18. desember klokka 12. I samband med denne vil vi minna om retten føresette har til be om fritak. Elevane vil få eit alternativt opplegg på skulen under gudstenesta. Her vil ein lærar ha eit opplegg kor dei kjem til å høyre på julemusikk og arbeide med gamle juletradisjonar og fortellingar. Skjema for søknad om fritak frå religionsprega aktivitetar i skulen finn de på heimesida.

## Hakkebakkeskogen:

Torsdag denne veka blei elevar på 1-4 trinn overaska av fotspor på golvet, ein rektor som leita etter elevane rundt heile skulen og bilder som leda mot gymsalen. Rektor hadde fått eit brev til elevane som var sendt frå Hakkebakkeskogen. Der ba dei elevane om å vere med å lage til ein forestilling, teikne og synge. Elevar og lærarar heiv seg rundt for å bli med. Dei teikna i gymsalen, såg filmsnutt og song nokre av songane. Dei er klar til å øve vidare gjennom våren!



## FAU/SU:

SU møte tysdag 2.12 kl.19-20

Hei!

Då er november over, og det nærmar det seg jul. Denne månaden har mellomtrinnet vore på besøk både på Vitenfabrikken og Vitengarden. 1.-4. trinn har hatt besøk av Dalane friluftsråd og hatt kick off med prosjekt Hakkebakkeskogen. Me har hatt saman for meistring på tvers, og det har vore utruleg kjekt å sjå gruppene på ulike aktivitetar. Dei har spelt sjakk, sydd squishmallows, laga julekaker, leikt eller spelt fotball.

På skulen i desember skal me blant anna tenne julegrana vår, ha juleverkstad, og adventstund i tida fram mot juleferien. Me er og godt i gang med Maskorama med mange gøye figurar. Finalen skal me ha på samlinga siste skuledag før juleferien.

Helsing Marianne og Charlotte v/ leiinga Bjerkreim Skule